



Det kongelige Justis og Politidepartement  
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

Vår ref.  
06/346-19/K2-M82//EIHJ

Dykkar ref.

Dato:  
Florø: 27.10.2009

## FRAMTIDIG ORGANISERING AV NAUDMELDETENESTA HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ FLORA KOMMUNE.


Flora kommune takkar for høvet til å komme med fråsegn i høve til forslaget om ny organisering av naudmeldetenesta. Formannskapet handsama saka i møtet den 27.10 og vedtok følgjande:

1. Flora kommune tek til vitande at utvalet tilrår å innføre eit felles naudnr - 112 - som skal brukast til naudmeldingar til politi, brann og ambulanse og at det blir tilrådd å etablere 7-8 nye 112-sentralar på landsbasis.
2. Dersom tilrådinga vert vedteke, vil Flora kommune tilrå at ein av dei 7 –8 sentralane vert lagt til Florø. Grunngjevinga for dette er i hovudsak følgjande:
  3. Florø har eit godt fagmiljø innanfor redning og beredskap:
    - a) Florø er vertskommune for Alarmsentralen i Sogn og Fjordane (110 sentralen) og for Sogn og Fjordane Politidistrikt med sin noverande 112 sentral. Politidistriket flytta i 2009 inn i nytt bygg. Alarmsentralen blei då samlokalisert med politiet. Det let seg ikkje gjere å slå saman dei to einingane, men dei er lokalisert vegg i vegg med glasdør mellom slik at kommunikasjonen og samordning er så god som det er mogleg utan full samanslåing. Vakthavande i dei to naudsentralane har visuell kontakt. Diverre fekk ein ikkje med AMK sentralen i same flyttinga. Både politiet og alarmsentralen fekk nye og moderne lokaler med god plass, moderne tekniske utstyr og plass for utviding. Dersom ein også kan få inn AMK i same lokalet, vil ein i praksis ha på plass eit ”pilotprosjekt” slik det er foreslått i rapporten. Alarmsentralen blir m.a. brukt av politiet ved utkalling av redningsmannskap i samband med større aksjonar, t.d. utkalling av Røde Kors mannskap.
    - b) Siste tilskotet var etablering av 330 skvadronen med redningshelikopter stasjonert i Florø som tilfører Flora auka akuttmedisinsk kompetanse og kapasitet.
    - c) Florø Radio er ein av få bemanna kystradiostasjonar som også styrer ei rekke ubemanna basestasjonar på kysten og i Nordsjøen. Florø Radio har døgnbemanna lytting av naudradio.
    - d) Offentlege og private legetenester i Florø er samla i Sunnfjord Medisinske Senter som er eit kompetansesenter med f.t. 13 legar og anna medisinsk-fagleg personell. I tillegg til kapasiteten nemnt under pkt b ovanfor representerer dette eit sterkt fagmiljø.

- e) Flora sjukehus er ei avdeling av Helse Førde. Sjukehustenestene er i stor grad sentralisert til Førde, men det er dagkirurgisk aktivitet med medisinsk fagleg kompetanse som kan supplere naudmeldesentralen.
4. Flora kommune har i løpet av siste åra tapt mange offentlige arbeidsplassar på grunn av sentralisering, ikkje minst innanfor sjukehus sektoren. Dersom 112 sentralen vert lokalisert til ein annan stad, vil Flora tape ytterlegare 11 – 12 årsverk. Arbeidsmarknaden er frå før dominert av konkurransesett industri som er særdeles konjunktur utsett. Kommunen har behov for å eit større innslag av stabile, offentlege arbeidsplassar.
5. Ned trapping av lokalsjukehuset gjer at det ei tid vil vere god tilgang på personell med medisinsk fagleg bakgrunn, som kan vere eit rekrutteringsgrunnlag for fagpersonell til den nye naudmeldetenesta.
6. Ettersom utgreiinga tilrår at det vert etablert 7 – 8 sentralar på landsbasis, har ein i realiteten konkludert med at ein kan yte ei tilfredsstillande teneste basert på IKT og utan at personellet treng å vere lokalkjende. Politiet vil framleis ha sine operasjonssentralar i alle politidistrikt som kan bistå med meir lokal kunnskap om det skulle vere behov.

Vi vonar at departementet vil legge vekt på dette innspelet og vil gjerne få høve til å drøfte saka nærmare med Dykk.

Med helsing  
Flora kommune,



Bente Frøyen Steindal  
Ordførar.



Torbjørn Hegghem  
Rådmann

Kopi til :

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Politimesteren i Sogn og Fjordane,
- Helse Førde.

Vedlegg: Brosyre: "Rednings og beredskapsenteret Florø".